



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# **Kommunal beredskapsplikt**

Vestnes kommune

Tilsynsdato: 03.03.2020

Rapportdato: 10.07.2020

## Innhold

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVUDINNTRYKK</b> .....	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b> .....	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor samanfattar nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	11.02.2020 (formøte) 03.03.2020 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Brugata 10, 6390 Vestnes
<b>Kommunennummer:</b>	1535
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Frank Skorgenes
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Atle Morsund (tilsynsleiar) Anne Grete Kleven
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Renate Frøyen
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	08.06.2020
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	10.07.2020
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	21.08.2020

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Vestnes kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016 og seinare.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til Fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Heilskapleg ROS-analyse for Vestnes kommune 2017	28.04.2017
2.	Oversikt over planar og dokument som omhandlar beredskap i Vestnes kommune	Ikkje datert
3.	Overordna beredskapsplan Vestnes kommune	27.02.2020
4.	Rutine for evaluering av hendingar og øvingar	27.02.2020
5.	Plan for evakuering samt etablering og drift av EPS-senter	14.02.2020
6.	Øvelsesplan kommunal kriseledelse – 2020	27.01.2020
7.	Rutine for opplæring av personell – kommunens kriseleiing	13.02.2020
8.	Beredskapsplan – Oljevern	Ikkje datert
9.	Kommunal planstrategi 2017 – 2020	25.01.2017
10.	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2015 – 2025	12.02.2015
11.	Kommuneplanen sin handlingsdel med første skisse til øk-plan 2020 - 2023	Ikkje datert
12.	Kommuneplanens arealdel 2015 - 2025	09.09.2015
13.	Helseberedskapsplan Vestnes kommune	Ikkje datert
14.	Smitteverneplan Vestnes kommune	05.02.2020
15.	Detaljert risikorapport Vestnes brannvesen	01.08.2017
16.	IKS – Brann	03.02.2020
17.	Beredskapsplan Skogbrann	04.10.2018
18.	Innsatsplan Skogbrann	15.03.2019
19.	Samarbeidsavtale med beredskap – Tresfjord Røde Kors	19.10.2016
20.	Evalueringsrapport – ekstremværet Elsa	12.02.2020
21.	Evaluering – Øvelse Fårikål 2019	01.10.2019
22.	Evaluering brannøvelse	Ikkje datert
23.	Evaluering etter utrykning – Vestnes brannvesen	17.01.2020
24.	Evaluering etter brannøvingar Vestnes brannvesen – Varslingsøving FMMR	25.04.2019
25.	Tilleggsdokumentasjon heilskapleg ROS-analyse - <b>Mottatt etter tilsynsmøte</b>	06.03.2020

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Vestnes kommune vart gjennomført 11.02.2020. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 03.03.2020. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Geir Inge Lien	Ordfører	X	X	X	X
Tone Roaldsnes	Administrasjonssjef (avtroppande)		X	X	X
Kristian Skålhavn	Administrasjonssjef		X	X	X
Frank Skorgenes	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X
Anne Grete Kleven	Senioringeniør		X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Heilskapleg ROS-analyse er frå 2017 og er forankra i kommunestyret. Det er gjort eit grundig analysearbeid med relevante hendingar. Analysen manglar ein prosadel som samanfattar funna på ein oversiktleg måte slik at analysen vert eit meir heilskapleg og lettlesedokument. Det kunne vore betre skildra i kva grad relevante offentlege og private aktørar har vore invitert med i arbeidet med analysen.

Det er eit krav at langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er gjort på bakgrunn av heilskaplege ROS-analyse, og forankra i styringssystemet i kommunen (t.d. kommuneplanens samfunnsdel/ plan-strategi/osb). Dette er ikkje tilstrekkeleg følgt opp i overordna planverk etter rullering av ROS-analysen i 2017. Det er til dømes gjort funn i heilskapleg ROS-analyse som ikkje (lenger) samsvarar med mål og strategiar for arbeidet med samfunnstryggleik skildra i kommuneplanen sin samfunnsdel frå 2015. Vi finn heller ikkje langsiktige mål og strategiar skildra i anna overordna planverk etter revideringa av ROS-analysen i 2017. Når kommunen sin heilskaplege ROS-analyse vert revidert, må kommunen utarbeide langsiktige mål og strategiar som samsvarar med funna i ROS-analysen og forankre dette i styringssystemet til kommunen. Det er laga ei oversikt over vedtekne risikoreduserande tiltak etter ROS-analysen frå 2017. Dette er ikkje ein prioritert handlingsplan. Tiltak som krev investeringar, må eventuelt inn i handlingsplanar/ økonomiplanar om det er aktuelt å gjennomføre dei.

Beredskapsplanverket er sist oppdatert 27.02.2020. Beredskapsplanen oppfyller minimumskrava i forskrifta. Vi ser at kommunen har eit system for opplæring, men dette kan skildrast betre i planverket m.o.t. kva kompetanse som er naudsynt for dei som skal ha opplæring. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon, og i beredskapsplanen går det fram at det er rutinar for årleg revisjon og oppdatering av planverk. Ansvar for beredskapsplanverket er plassert. Det er òg eit mål om å øve på handtering av uønskte hendingar minst to gongar i 2020. Vi finn rutinar for at kommunen skal evaluere hendingar og øvingar, og vi finn evaluering av både hendingar og øvingar i referat frå møter i kriseleiinga. Kommunen skildrar i planverket å nytte CIM i nokon grad, medan planverket er laga i kvalitetssystemet RiskManager.

Vi ser at kommunen har ein smittevernplan, sist revidert 05.02.2020, og ein helseberedskapsplan utan dato. Desse beredskapsplanane er lovpålagde, og er viktige verktøy i fleire av dei identifiserte hendingane i kommunen sin heilskaplege ROS-analyse. Fylkesmannen har ikkje ført tilsyn med desse no, men vi gjer merksam på at dei kan verte gjenstand for kontroll ved neste tilsyn.

### **3 Resultat frå tilsynet**

Tilsynet avdekte eitt avvik. Eitt forhold er kommentert som merknad.

#### **3.1 Avvik**

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

#### **Avvik nr. 1:**

Vestnes kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen frå 2017 fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

#### **Regelverkstilvising:**

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

#### **Utdjupande kommentar:**

Dei mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet på dette fagområdet, som går fram av det overordna planverket er sett på bakgrunn av funna i ROS-analysen frå 2014, og vi finn ikkje at dette er revidert med bakgrunn i funna frå den heilskaplege ROS-analysen frå 2017.

### 3.2 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som Fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### **Merknad nr. 1.**

**Kommunen bør:**

- Snarast revidere heilskapleg ROS-analyse for lettare å kunne kome inn i rett rekkefølge m.o.t. til revidering av det overordna strategiske planverket i kommunen, slik som planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel og handlingsdel.
- Ved revidering av ROS-analysen bør kommunen lage ein prioritert handlingsplan som gir ei samla skildring av funna, slik at kommunen lettare kan utarbeide langsiktige mål, strategiar for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.
- System for opplæring kan skildrast betre i planverket m.o.t. kva som er naudsynt kompetanse hos dei som skal ha opplæring.
- Lage/vidareutvikle eit styringsdokument for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap slik vi har rådd til tidlegare, inkludert eit årshjul for fagområdet.
- Freiste å nå måla med bruk av CIM slik som er skildra i planverket.



#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til Fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer Fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter Fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan Fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Atle Morsund, [atle.morsund@fylkesmannen.no](mailto:atle.morsund@fylkesmannen.no), 71258484 / 40843772